



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale til dispensasjon for veg til 3 hytter på Øvretveit i Alver kommune

Vi viser til brev frå kommunen datert 05.09.2021. Saka gjeld søknad om etablering av vegtilkomst til 3 hytter på gnr. 27 bnr. 19, 20 og 21 over gnr. 27 bnr. 1. Hytteeigarane skal etablere 6 parkeringsplassar i tillegg.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel for tidlegare Lindås kommune er definert som LNF-føremål. Tiltaka ligg i omsynssone for H\_510 Landbruk.

### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsyna bak føresegna det dispenserast frå, omsyna i lovas formålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane vere klart større enn ulempene jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Området er sett som LNF formål, med omsynssone landbruk. I dette ligg det at landbruk, kulturlandskap, natur og friluftsliv skal ha forrang i området. Vegar heilt fram til fritidsbustader er ikkje naudsynt, og fører ofte til store terrenginngrep og oppsplitting av samanhengande natur og kulturlandskap.

Etter det vi kan sjå er det omsyn til landbruk og kulturlandskap som gjer seg sterkast gjeldande i dette området. Vegen vil ikkje eller i svært liten grad omdisponere dyrka mark, men det er viktig å også vurdere om vegen vil føre til driftsulempar for landbruket. Vegen vil føre til endringar i landskapet med både fyllingar og skjeringar, og kommunen må vurdere verknad for oppleving av kulturlandskapet. Parkeringsarealet som er vist på teikninga ser ut til å vere mykje større enn naudsynt, og bør avgrensast.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN